



Innkalling for Formannskapet i Radøy

Møtedato: 22.11.2018
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 09.00

Saksliste:

Saksnr	Tittel
078/2018	Prioritering av spelemiddelsøknader 2019
079/2018	Forskottering av spelemidlar og meirverdiavgift til garderobe og klubblokale Austmarka kunstgrasbane
080/2018	Søknad om prosjekt- og aktivitetstilskot - Manger skulemusikklag
081/2018	Søknad om redusert halleige under Manger cup
082/2018	Revidering av retningsliner for kulturmidlar
083/2018	Serverings- og skjenkeløyve Pub´N
084/2018	Budsjettregulering haust 2018
085/2018	Budsjett 2019 - økonomiplan 2019 - 22
086/2018	Meldingar og referatsaker

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

15. november 2018

Jon Askeland
ordførar

Arthur Kleiveland
møtesekretær

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
078/2018	Formannskapet i Radøy	PS	22.11.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	18/1815	18/16297

Prioritering av spelemiddelsøknader 2019

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Alle innkomne spelemiddelsøknader skal prioriterast gjennom politisk fatta vedtak og i samsvar med Radøy kommune sin kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026 og handlingsplanen som vart rullert i 2018 (kommunestyret sak 037/2018).

Det er kome inn fire og meld inn to spelemiddelsøknader på ordinære anlegg, og det er kome inn tre spelemiddelsøknader på nærmiljøanlegg. Rådmannen har prioritert søknadene i tråd med handlingsplanen. Idrettsrådet har hatt prioriteringa av søknader på høyring, og er samd med rådmannen sitt forslag til prioritering.

Vurdering

Prioritering ordinære anlegg

Pri.	Anlegg	Søkjar	Søknadssum	Status
1	Radøyhallen, lagerbygg	Radøy kommune	180 000	Fornya
2	Radøyhallen, rehabilitering	Radøy kommune	1 283 000	Fornya
3	25 meter presisjon pistolbane med støydempa standplassbygg	Nordhordland pistolklubb	690 000	Fornya
4	Toalettbygg – Nesvatnet	Radøy kommune	?	Fornya
5	Austmarka, garderobeanlegg	Radøy IL	?	Ny
6	200 meter riflebane med støydempa standplassbygg	Radøy skyttarlag	750 000	Ny

Dei anlegga der det står spørsmålsteikn på søknadssumen er søknader som er meld inn, men ikkje motteke til no.

Prioritering nærmiljøanlegg

Pri.	Anlegg	Søkjær	Søknadssum	Status
1	Sæbø skule – fleirbruksflate	Radøy kommune	48 000	Fornya
2	Bocciabane – Grønålen	Manger idrettslag	153 000	Fornya
3	Radøy ungdomsskule – balanseline	Radøy kommune	46 000	Fornya

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune prioriterer spelemiddelsøknadene for søknadsrunde 2019 slik:

Ordinære anlegg:

Pri.	Anlegg	Søkjær	Søknadssum	Status
1	Radøyhallen, lagerbygg	Radøy kommune	180 000	Fornya
2	Radøyhallen, rehabilitering	Radøy kommune	1 283 000	Fornya
3	25 meter presisjon pistolbane med støydempa standplassbygg	Nordhordland pistolklubb	690 000	Fornya
4	Toalettbygg – Nesvatnet	Radøy kommune	?	Fornya
5	Austmarka, garderobeanlegg	Radøy IL	?	Ny
6	200 meter riflebane med støydempa standplassbygg	Radøy skyttarlag	750 000	Ny

Nærmiljøanlegg:

Pri.	Anlegg	Søkjær	Søknadssum	Status
1	Sæbø skule – fleirbruksflate	Radøy kommune	48 000	Fornya
2	Bocciabane – Grønålen	Manger idrettslag	153 000	Fornya
3	Radøy ungdomsskule – balanseline	Radøy kommune	46 000	Fornya

Vedlegg:

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø - handlingsplan 2018

Uttale frå Radøy idrettsråd

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
079/2018	Formannskapet i Radøy	PS	22.11.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	18/2531	18/16324

Forskottering av spelemidlar og meirverdiavgift til garderobe og klubblokale Austmarka kunstgrasbane

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Det ligg føre søknad frå Radøy Idrettslag om forskottering av spelemidlar og mva-kompensasjon. Vedlagt søknaden er teikningar og finansieringsplan for anlegget. Idrettslaget viser til at garderobetilbodet ved kunstgrasbana i dag er på Sæbø skule, noko som ikkje er ei god løysing for brukarane av bana. Eit nytt bygg ved bana vil gje eit fullgodt anlegg som kan nyttast uavhengig av tilgang til Sæbø skule sine garderober. Bana er mykje brukt både til trening og kampar.

Samla kostnad for anlegget er kr 5.086.004. Finansieringsplanen er slik:

Midlar frå Trond Mohn	1.853.000
Dugnad	482.000
Spelemidlar (30%)	1.500.000
Mva-kompensasjon	920.802
Eigenkapital	330.202
Sum	5.086.004

Søknad om byggjeløype vert sendt med det første. Søknad om idrettsfunksjonell godkjenning ligg til vurdering i Radøy kommune. Søknad om spelemidlar vert sendt for 2019. Søknad om mva-kompensasjon kan sendast når bygget er ferdig.

Vurdering

Reglane om kompensasjon for meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg gjeld for lag og organisasjonar, og er knytt opp mot ordninga for spelemidlar. Ordninga er rammestyrt, slik at det kvart år blir tildelt midlar innafor den ramma Stortinget har løyvd. Dersom løyvinga

ikkje rekk til full kompensasjon, vert tildelinga avkorta høvesvis for alle søknader. Søknader som får avkorta kompensasjon, kan ikkje søkja om å få dekka resten i seinare søknadsrundar.

Søknader om spelemidlar vert handsama av fylkeskommunen, men først når alle formalitetar kring godkjenningar m.v. er på plass. Når tilsegn om spelemidlar er gitt, kan det ta fleire år før utbetaling faktisk blir gjort.

Når bygginga kjem i gong, vil Radøy idrettslag etter kvart få ei likviditetsmessig utfordring, som dei no søkjer Radøy kommune om hjelp til å møte.

Det er i utgangspunktet inga kommunal oppgåve å forskottera midlar til lokale lag og organisasjonar. Det ligg fleire risikoelement i slik forskottering, både i høve til faktisk kompensasjonsgrad for meriverdiavgift, og kva som blir godkjent anleggskostnad i høve til spelemidlar.

Men Radøy kommune har i tidlegare saker forskottert kompensasjon for meirverdiavgift både til kunstgrasbana på Bø og til bana Austmarka, der forskotteringane har blitt tilbakebetalt. Iht anlegget i Austmarka vart det rett nok ein udekka sluttsum, men dette skuldast i hovudsak uavklåra føresetnader ved oppstart av anlegget. Rådmannen vurderer såleis risikoen som fullt akseptabel.

Rådmannen rår til å forskottera spelemidlar og mva-kompensasjon Radøy idrettslag, knytt til garderobeanlegg/klubbhus ved Austmarka kunstgrasbane med inntil **kr 2.420.000**.

Det er ein føresetnad at heile det forskotterte beløpet skal betalast attende, uansett storleik på faktisk utbetalt mva-kompensasjon og spelemidlar seinast 31.12.2023.

Kompensasjonsbeløpet Radøy idrettslag får overført etter søknad, skal straks og uavkorta overførast Radøy kommune. Radøy kommune skal også kunna halda attende spelemidlar i den grad det forskotterte beløpet ikkje blir dekka fullt ut. Det vert ikkje rekna rente av det forskotterte beløpet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune forskotterer spelemidlar og mva-kompensasjon til Radøy idrettslag, knytt til garderobeanlegg/klubbhus ved Austmarka kunstgrasbane med inntil **kr 2.420.000**.

Det er ein føresetnad at heile det forskotterte beløpet skal betalast attende, uansett storleik på faktisk utbetalt mva-kompensasjon og spelemidlar, seinast 31.12.2023. Kompensasjonsbeløpet Radøy idrettslag får overført etter søknad, skal straks og uavkorta overførast Radøy kommune. Radøy kommune skal også kunna halda attende spelemidlar i den grad det forskotterte beløpet ikkje blir dekka fullt ut. Det vert ikkje rekna rente av det forskotterte beløpet.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
080/2018	Formannskapet i Radøy	PS	22.11.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Anne Dahle Austrheim	18/36	18/15735

Søknad om prosjekt- og aktivitetstilskot - Manger skulemusikklag

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Manger skulemusikklag søker om prosjekt- og aktivitetstilskot på kr. 20 000,- til Mangerfestivalen, som er ein konkurranse for skulekorps. Mangerfestivalen har i tillegg solistkonkurranse, aspirantseminar og festkonsert. I år har dei fått Sjøforsvarets musikkorps til å spela på festkonserten og dei søker om tilskot for å dekkja honorar til desse.

Vurdering

Mangerfestivalen er ein årleg festival og ein del av Manger skulemusikklag si årlege drift. Det som er særskild dette året er at dei har fått Sjøforsvarets musikkorps til å spela på festkonserten og desse skal ha kr 20 000 i honorar.

Arrangementet ligg inne i budsjettet for skulemusikklaget og ein har budsjettert med eit overskot på kr 70 000. Mangerfestivalen er ei viktig inntektskjelde for Manger skulemusikklag. Totalbudsjettet for laget for 2018 viser eit samla underskot på 157 000 kr.

Rådmannen vurderer søknaden etter retningslinene for kulturmidlar i Radøy kommune. I retningslinene står det at kommunale kulturmidlar kan gjevast til lag, foreiningar og organisasjonar som har sitt virke i Radøy kommune. Tilskot kan gjevast til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande, vert prioriterte. Tilskotet skal vera behovsprøvd. Vidare står det at tiltak som rettar seg mot born og unge og menneske med nedsett funksjonsevne skal prioriterast.

Søknaden har vore på uttale hjå til Song- og musikkrådet og Ungdomsrådet. Ungdomsrådet si innstilling er at ein kan gje støtte på kr 10 000 då dette er eit arrangement som når mange. Radøy song- og musikkråd si innstilling er at det kan gjevast ein underskotsgaranti på kr 10 000,- for årets festkonsert.

Mangerfestivalen engasjerer mange barn og unge og er ein viktig arena for korpsmusikken i Radøy. Det å engasjera Sjøforsvarets musikkorps på festkonserten vil vera med å gje inspirasjon og

engasjement for vidare satsing i skulekorpset og kan trekka eit endå større publikum til konserten. Etter retningslinene skal tiltak retta mot born og unge prioriterast og at tilskot kan gjevast til opne kulturarrangement og –prosjekt og tiltak som er nyskapande skal prioriterast, men tiltaket skal og vera behovsprøvd. Mangerfestivalen går med overskot og det er i søknaden budsjettert med eit overskot på kr 70 000 utan tilskot frå kommunen. Tilskotet frå kommunen er ikkje avgjerande for at tiltaket skal kunna gjennomførast og rådmannen finn ikkje at søknaden kan imøtekomast.

Konklusjon

Etter ein vurdering av søknad opp mot retningslinene for kulturmidlar finn rådmannen at tilskot til Mangerfestivalen ikkje vert prioritert og innvilga.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad om tilskot til Mangerfestivalen vert ikkje innvilga.

Vedlegg:

Søknad om prosjekt - og aktivitetsstøtte

resultset_4609_10_vedlegg1.pdf

Uttale til søknad om prosjekt- og aktivitetstilskot

Radøy musikkråd uttale Mangerfestivalen

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
081/2018	Formannskapet i Radøy	PS	22.11.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	18/36	18/16482

Søknad om redusert halleige under Manger cup

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Radøy/Manger fotballklubb søker om redusert leige eller tilskot til å dekkja leiga for Radøyhallen til gjennomføring av Manger cup. Manger cup er ei fotballturnering for born i alderen 6-13 år som vert gjennomført i Radøyhallen over fire helger i november og desember kvart år.

Saka var oppe i formannskapet i møte 4. oktober sak 060/2018, der den vart utsett. Formannskapet bad i samband med handsaminga av denne saka om ei eiga sak om leigesatsar for aktivitetar for born og unge i Radøyhallen. Denne vart vedtatt i formannskapet 8. november sak 073/2018.

Vurdering

Manger cup har gått føre seg over mange år, og har etter kvart vorte ei godt etablert fotballturnering for dei yngste laga. Storleiken på Radøyhallen gjer at det berre er mogleg å spela ein kamp om gongen, med unntak av laga i dei yngste aldersgruppene, der det er mogleg med to kampar om gongen. Turneringa må difor gå over fleire helger for å avvikla alle kampane, og idrettslaget meiner at halleige dermed ein nokså stor utgiftspost samanlikna med tal på kampar.

I budsjettet viser Radøy/Manger fotballklubb til utgifter til halleige på kr 15 000. Ut frå satsane for leige av Radøyhallen kostar det kr 12480 å leiga idrettshallen i fire helger, og i tillegg kjem leige av ungdomens hus for kr 4480. Manger cup har gjort avtale med ungdomskoordinatoren om å bruka ungdomens hus gratis under Manger cup. Dette tilsvarar altså 4480 kroner i redusert leige.

Radøy kommune har vedtatte satsar for leige av Radøyhallen der lag og organisasjonar i Radøy kommune får leiga hallen til redusert pris i høve til privatpersonar, næringsdrivande og lag og organisasjonar frå andre kommunar.

I møte i formannskapet 8. november sak 073/2018 vart det innført gratis leige i idrettshallen og bassenga i Radøyhallen for idrettslag tilknytta Radøy idrettsråd og for aktivitetar for born og unge (0-19 år). Gratis leige gjeld faste treningar, og i tillegg arrangement som er ein del av regionen, kretsen

eller idrettsforbundet sine terminfesta stevner, seriespel og turneringar. Turneringar, stemner og einskildarrangement som kjem utanom dei terminfesta aktivitetane, skal fakturerast etter gjeldande satsar. Desse reglane gjeld frå 2019,

Likebehandlingsprinsippet gjer at rådmannen vurderer det som vanskeleg å fråvika dei faste satsane for Radøyhallen. Eit avslag på søknad om redusert leigepris i Radøyhallen til Manger cup, som per i dag ikkje er ei terminfesta turnering, er også i tråd med vedtaket i formannskapet 8. november om leigesatsar i Radøyhallen slik det vil gjelda frå 2019.

Manger cup hadde i 2017 eit overskot på kr 33641. I 2018 er overskotet budsjettert til 50 000. Redusert halleige er såleis ikkje avgjerande for at cupen skal kunna gjennomførast.

Saka var til høyring i Radøy idrettsråd før saka vart lagt fram i formannskapet 4. oktober. Radøy idrettsråd rådde då til til at kommunen vurderer redusert husleige i Radøyhallen for Manger cup.

Konklusjon

Radøy kommune har vedtatte, faste satsar for leige av hallen. Likebehandlingsprinsippet gjer at det er vanskeleg å fråvika desse satsane. Budsjettet for Manger cup viser eit overskot på 50 000 kroner. Redusert halleige er såleis ikkje naudsynt for at arrangementet skal kunna gjennomførast.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy/Manger fotballklubb får ikkje avslag i leigeprisen for Radøyhallen for gjennomføring av Manger cup utover at dei får låna ungdommens hus gratis.

Vedlegg:

Søknad om redusert halleige under Manger cup

Støtte til Manger cup 2018

REFERAT Radøy idrettsråd styremøte 06.09.2018

Vedlegg til søknad om redusert halleige

Vurdering av leigeprisar for halltid i Radøyhallen for born og unge

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
082/2018	Formannskapet i Radøy	PS	22.11.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	18/2476	18/15623

Revidering av retningsliner for kulturmidlar

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i møte 21. september 2016 sak 041/216 nye retningsliner for fordeling av kulturmidlar i Radøy kommune. Erfaringar frå desse to åra med dei nye retningslinene gjer at rådmannen ynskjer ei mindre revidering av retningslinene.

Rådmannen la reviderte retningsliner for kulturmidlar ut på høyring 8. oktober med høyringsfrist 5. november.

Vurdering

Kulturmidlane for Radøy kommune omfattar følgjande ordningar: driftsmidlar til lag og organisasjonar, tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og –anlegg, aktivitets- og prosjekttilskot, leiaropplæring, tilskot til idrettsanlegg og støtte til utøvarar på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Erfaringane frå dei to åra med dei nye retningslinene er at det kjem inn få søknader om prosjekt- og aktivitetsstøtte som oppfyller krava i retningslinene. Denne ordninga har også ein løpande søknadsfrist som fører til at søknadene vert vurderte kvar for seg, noko som gjer det vanskeleg både for sakshandsamar og råda som skal koma med uttale til søknadene. Søknadsfrist gjennom heile året gjer det også vanskeleg å fordela midlar utover eit heilt år. Det er grunn til å tru at ved å innføra to faste søknadsfristar for denne ordninga, vil ein få fleire søknader og ha eit betre vurderingsgrunnlag både for administrasjonen og for råda som skal gje uttale.

Det er også behov for ei presisering når det gjeld tilskot til leiaropplæring. I retningslinene står det ikkje noko om storleik på tilskotet. Rådmannen har - i samråd med idrettsrådet, musikkrådet og ungdomsrådet som har gjeve uttale til søknadene – praktisert at det vert gjeve inntil 50 % støtte til leiaropplæring, men maks 1500 kroner per person per år. Rådmannen ynskjer at denne presiseringa vert tatt inn i retningslinene.

På bakgrunn av desse endringsforslaga er det også naudsynt å gjera nokre endringar i retningslinene under punkt 6. «Sakshandsaming». Rådmannen foreslår at ordninga aktivitets- og prosjekttilskot skal

endeleg handsamast i formannskapet etter innstilling frå rådmannen og etter at sakene har vore på høyring hjå idrettsrådet, musikkrådet og ungdomsrådet.

Alle forslag til endringar er markerte med raud skrift i utkast til reviderte retningsliner.

Det kom inn innspel frå musikkrådet og idrettsrådet i samband med høyringa. Begge støttar rådmannen sitt framlegg til revidering av retningsliner for aktivitets- og prosjektstøtte og leiaropplæringsmidlar.

Konklusjon

Kommunestyret vedtok nye retningsliner for kulturmidlar i 2016. Erfaringar frå dei to åra som har gått sidan den gongen viser eit behov for ei mindre revidering av retningslinene. Rådmannen meiner ein bør innføra to faste søknadssfristar for ordninga aktivitets-og prosjektstøtte og ei presisering av storleiken på tilskotet i samband med ordninga for leiaropplæring.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utkast til reviderte retningsliner for kulturmidlar vert vedtatt slik dei ligg føre.

Vedlegg:

Revidering av Retningsliner for kulturmidlar i Radøy kommune 2018 - etter høyring

Høyring om revidering av tildeling av kulturmidlar - uttale

Uttale frå Radøy idrettsråd

Driftsmidlar til lag og organisasjonar 2018 - andre

Driftsmidlar til lag og organisasjonar 2018 - idrett

Driftsmidlar til lag og organisasjonar 2018 - musikk

Mindre kostnadskrevjande tiltak på kulturbygg 2018

Aktivitets og prosjektstøtte 2018

Leiaropplæring 2018

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
083/2018	Formannskapet i Radøy	PS	22.11.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Anne Dahle Austrheim	18/2358	18/15642

Serverings- og skjenkeløyve Pub´N

Saksopplysingar:

Vurdering

Saka har vore sendt til Skatteetaten, Nordhordland kemnerkontor, Politiet og NAV for uttale. Skatteetat, kemnar og politiet har ingen merknader til søknaden. NAV har ingen merknader til søknaden, men føreset at verksemda har kontroll med servering av alkoholhaldig drikk med inntil 60% alkoholinnhald når aldersgrensa varierar mellom 18 og 20 år.

Søkjar har søkt om skjenkeløyve for alle alkoholgrupper og skjenketid for inne- og uteområde måndag til torsdag og søndag frå kl. 12.00 til kl. 01.00, og fredag og laurdag frå kl. 12.00 til kl 02.00.

I Forskrift for sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikk, Radøy kommune står det:

§ 3. Alminnelege skjenkevedtekter

- Skjenketida for øl og vin (under 22 volumprosent) er frå kl. 08.00 til kl. 01.00 – med unntak av søn- og helgedagar då skjenketida er frå kl. 12.00. På fredagar og lørdagar og på kvardagar før helgedagar er skjenketida for øl og vin frå kl. 08.00 til kl. 02.00.
- Skjenketida for brennevin (mellom 22 og 60 volumprosent) er frå kl. 13.00 til kl. 24.00. På fredagar og lørdagar og kvardagar før helgedagar er skjenketida for brennevin frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
- Skjenking utandørs følgjer som hovudregel den generelle skjenketida. Dersom tilhøva på staden tilseier det, vil skjenketida for uteservering kunna innskrenkast.

Skjenketid for alkoholgruppe 1 og 2 (under 22 volumprosent) vert sett til måndag til torsdag og søndag frå kl. 12.00 til kl. 01.00, og fredag og laurdag frå kl. 12.00 til kl 02.00.

Skjenketid for alkoholgruppe 3, brennevin, vert sett til måndag til torsdag og søndag frå kl. 13.00 til kl. 24.00, og fredagar og laurdagar og kvardagar før helgedagar frå kl. 13.00 til kl 01.00.

Det er viktig av løyvehavar skil mellom dei ulike alkoholgruppene og legg opp skjenketida etter dette.

Skjenketid utandørs fyl som hovudregel den generelle skjenketida, men det er viktig at det vert teke omsyn til omkringliggende bustader og at uteområdet må ha god avskjerming.

Konklusjon

Pub´N får tildelt serverings- og skjenkeløyve i lokala innandørs og med tilstøtande utandørs terrasse i Radøyvegen 2552, 5937 Bøvågen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av Lov om serveringsvirksomhet og Lov om omsetning av alkoholholdig drikk godkjenner formannskapet i Radøy følgjande:

1. Pub´N (org.nr 917656282) får tildelt serveringsløyve i serverings- og selskapslokale til Pub´N, organisasjonsnummer 917656282, Radøyvegen 2552, 5937 Bøvågen, innandørs areal 150 m2 og utandørs areal 85 m2, med opningstid måndag til torsdag og søndag kl. 12.00-01.00, og fredag og laurdag frå kl. 12.00-02.00.
2. Pub´N (org.nr 917656282) får tildelt skjenkeløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 i serverings- og selskapslokale til Pub´N, organisasjonsnummer 917656282, Radøyvegen 2552, 5937 Bøvågen med innandørs areal på 150 m2 og utandørs areal på 85 m2 i tilknytning til nemnde lokale for perioden fram til 30.06.2020.
3. Skjenketider gitt Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholholdig drikke vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016 skal følgjast.
4. Styrar for løyvet er Arve Martin Haugland f. 20.06.64 og stedfortredar er Kenneth Morten Kvamme f. 07.01.70. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgde. Ved større arrangement føreset ein det er eit tilstrekkeleg antal synleg merka vakter.
5. Tilsette kan ikkje konsumera og/ eller vera påverka av rusmidlar i arbeidstida.
6. Det vert sett som vilkår at styrar for løyvet har bestått etablerarprøven og at styrar og stedfortredar har bestått kunnskapsprøven i alkohollova innan 31.12.2018.
7. Styrar for løyvet er ansvarleg for at utearealet for servering og skjenking må ha god avskjerming.
8. Nødvendige offentlege godkjenningar for å driva serverings- og skjenkestaden skal til ei kvar tid føreliggja.
9. Løyvehavar pliktar å melde frå til Radøy kommunen om endringar ved serverings- og skjenkestaden.

10. Oversikt over skjenka volum for alkoholhaldig drikk gruppe 1,2 og 3 skal sendast til kommunen kvart år innan utgangen av februar året etter.

Vedlegg:

Serverings- og eller skjenkebevilling (L)(194348)

Uttale til søknad om skjenkeløyve

Uttale til søknad om skjenkeløyve

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
084/2018	Formannskapet i Radøy	PS	22.11.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/1032	18/16384

Budsjettregulering haust 2018

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Rådmannen viser i utgangspunktet til tertialmelding for perioden januar – august 2018, og til månadsrapport pr september 2018, der det går fram at det må gjerast endringar i både drifts- og investeringsbudsjett for 2018.

Drift – skjema 1a og 1b

Tabellen nedanfor er henta frå månadsrapport september, og syner endringane som rådmannen må gjerast i drift, skjema 1a og 1b.

Skjema 1a)	R sept 2018	B sept 2018	Budsjett 2018	Regulering	Regulert budsjett
Skatt på inntekt og formue	(95 323 631)	(97 221 000)	(120 601 000)	617 000	(119 984 000)
Rammetilskot	(132 496 667)	(131 072 000)	(170 058 000)	(2 448 000)	(172 506 000)
Eigedomsskatt	(10 230 405)	(10 130 320)	(15 197 000)		(15 197 000)
Generelle statstilskot	(10 204 500)	(11 607 125)	(16 375 500)	(14 944 000)	(31 319 500)
Renteinntekter og utbytte	(5 102 874)	(4 730 250)	(4 987 000)		(4 987 000)
Renteutgifter	4 889 757	4 976 000	5 765 000	288 000	6 053 000
Avdragsutgifter	9 780 390	8 833 750	9 015 000		9 015 000
Sum frie inntekter	(238 687 930)	(240 950 945)	(312 438 500)	(16 487 000)	(328 925 500)

Drift (skjema 1b)

Stab og fellestenester	16 433 646	16 164 026	20 137 793	1 158 000	21 295 793
Oppvekst	88 211 203	87 099 012	121 679 275	1 899 000	123 578 275
Helse og omsorg	106 172 990	107 504 675	133 097 599	917 000	134 014 599
Drift og forvaltning	32 799 164	31 518 406	35 561 122	1 236 000	36 797 122
Sum drift	243 617 003	242 286 119	310 475 789	5 210 000	315 685 789

Netto	4 929 073	1 335 174	(1 962 711)	(11 277 000)	(13 239 711)
--------------	------------------	------------------	--------------------	---------------------	---------------------

Rådmannen vil utdjupa endringsframlegga slik:

Skatteinngangen for Radøy har vore svak gjennom heile 2018, og har lagt langt under landet, ein tendens som har forsterka seg i løpet av året. Radøy kommune vil såleis få svikt også i høve til tidlegare regulert budsjett, og rådmannen forelår å redusera pårekna skatteinngang med kr 617.000 for 2018.

Men skatteinngangen på landsplan har lagt godt over prognosane, og det er all grunn til å tru at vi vil få langt høgare inntektsujamning enn føresett. Etter siste KS-modell vil vi få om lag kr 2.448.000 meir i rammetilskot og inntektsutjamning i 2018.

Talet på flyktningar til Noreg har vorte redusert, og Radøy har blitt førespurt om å busetja seks flyktningar i 2018. Dette er fire færre enn tidlegare pårekna, og budsjetterte integreringstilskot må såleis reduserast med kr 748.000. Dette får også konsekvens for andre tenester.

Rentekostnadene vil auka litt i 2018 som følge justert tidspunkt for faktiske låneopptak i 2018. Dette utgjør om lag kr 288.000.

Radøy kommune har motteke utbetaling frå havbruksfondet med kr 15.692.000 i oktober 2018. Etter KMD sine retningsliner skal dette førast som frie inntekter i drifta, og skjema 1a vert korrigert tilsvarande.

Dette gir samla meirinntekt i skjema 1A kr 16.847.000

I skjema 1B vert det gjort nokre mindre justeringar innafor **stab og fellestenester**. Vidare har straumprisane vore høge gjennom heile 2018, og estimert kostnadsauke er kr 1.083.000 for heile året. Heile auken er lagt på Stab og fellestenester, og rådmannen ber om fullmakt til å omfordela denne summen mellom sektorane.

Ved Manger skule vert det lagt inn kostnader til legie av paviljong og andre kostnader knytt til etableringa, jf også endringar i investeringsbudsjettet, med kr 1.604.000. Ved Manger skule vert det også reduserte refusjonsinntekter frå annan kommune, grunna flytting, om lag kr 340.000. Det vert også gjort nokre andre, mindre justeringar innan **oppvekst**, slik at samla endring blir kr 1.899.000.

I **helse og omsorg** er det etablert eit nytt tiltak innan Omsut som påfører kommunen permanent auka driftskostnader. For 2018 er netto meirkostnad rekna til kr 1.750.000. Pårekna reduserte kostnader knytt til flyktningar er kr 500.000, jf merknadene om integreringstilskot til skjema 1a. Det vert også gjort nokre andre, mindre justeringar, slik at samla endring innan helse og omsorg vert kr 917.000.

Innan **drift og forvaltning** ser ein ved sørvistroget trong for utvida depotkapasitet hos Interkommunalt arkiv Hordaland. Meirkostnad om lag kr 111.000 i 2018.

Kostnadene ved digitalisering av byggesaksarkivet må belastast drifta, jf. kommentarar under investeringsdelen. Dette utgjør om lag kr 800.000 i 2018.

Brannvernet har hatt store meirkostnader knytt til utrykkingar, særleg i den tørre sommarsesongen, og det må løyvast ytterlegare kr 500.000 for å dekkja dette.

Utstyr til teknisk drift vert overført frå investering til drift, og finansering over disposisjonsfondet, kr 500.000 følgjer med. Det vert også gjort nokre mindre justeringar, slik at samla endring blir kr 1.236.000.

Samla meirkostnad/mindreinntekt i skjema 1B blir klr 5.210.000.

Samla verknad av endringar i skjema 1A og 1B blir ei meirinntekt på kr 11.277.000.

Investering – skjema 2a og 2b

Prosjekt K10011 Digitalisering byggesaksarkiv. Dette prosjektet vart teke med i regulering av budsjett vår 2018. Det har vore ulik oppfatning av om dette er kostnader som kan førast i investeringsrekneskapen, men etter samråding med eksterne fagkompetanse, er det ikkje tvil om at kostnader til digitalisering av arkiv må førast i drift. Løyvde midlar 1,1 mill vert difor tekne ut av investering, og overført til drift.

Det er i 2018 gjort fleire innkjøp av bilar, jf **prosjekt K12801 – Utskifting av bilar**. Det er kjøpt ein ny Transit til dagsenteret, denne blir fullt finansiert ved eksterne midlar. Vidare er det kjøpt ein ny bils til heimetenesta, ein bruktbil til RIB og ein elbil til rådhuset, som erstattar ein annan elbil som er overført til reinhaldstenesta. Rådmannen ber om at skjema 2B vert auke med kr 843.000 knytt til desse investeringane. Samstundes vert det inntektsført kr 638.000 frå fond, slik at netto trong for løyving er kr 205.000.

Prosjekt K15301 Radøyhallen oppgradering. Arbeidet med oppgradering av resterande garderobeareal, korridor, foaje og toalett er i hovudsak ferdig. Nye tribunestolar er levert, og det er det bestilt nye skiljeveggjar pluss bord og stolar til hallen. Det er trong for ei løyving på ytterlegare kr 100.000.

Prosjekt K19081 IKT investering IKT Nh får mindre omfang enn føreset, og vert overført til drift. Løyvinga på kr 300.000 kan såleis takast heilt ut.

Prosjekt K21301 Manger skule utbygging. Kostnader er innafor budsjettamma på 2 mill, men 1,5 mill av løyvinga må overførast til drift, fordi leigekostnader ikkje kan førast som investering. Gjennom betaling av leige blir kommunen ikkje eigar av noko som kan førast som ein dokumentert verdi i balansen pr 31.12.2018. Derimot kan grunnarbeid førast som investering, då arealet i ettertid kan nyttast som uteområde for skulen.

Når det gjeld prosjekt **K21401, Uteområde Sæbø skule**, har kommunestyret i sak 18.10.2018 vedteke justert ramme kr 800.000. Posten vert teken med for oversikten sin del.

Prosjekt K21901, Radøy ungdomsskule oppgradering: ny utgang frå utstillingshallen på ungdomsskulen er ferdigstilt, noko som har betra tilhøva for skulen med omsyn til sosiale fellesaktivitetar. Rådmannen rår til at oppgradering av naturfagssalen vert overført til 2019, og at budsjett for 2018 vert redusert med kr 700.000,- til kr 100.000,-.

Prosjekt K247111 Småbarnsavdeling Austebygd er noko endra, jf. FS-055/2018. Løyvinga i 2018 vert difor føreslegen redusert frå kr 3.000.000 til kr 2.794.000. Resterande løyving dekkar påkomne kostnader i 2018.

Prosjekt 2712006 Nye Bø barnehage nybygg: reguleringplanarbeidet er i slutfasen, og Forum arkitekter har utarbeidd anbudsgrunnlag. Prosjektet vert lyst ut på Doffin, og oppstart vert i 2019. Løyvinga vert såleis ytterlegare redusert i høve til vedteke budsjett med 9,6 mill. Resterande løyving 1,4 mill dekkar såleis prosjekteringsarbeid mv utført i 2018.

Prosjekt 2714010 Sæbø barnehage vognskur: vart noko rimelegare enn føresett, og løyvinga kan såleis reduserast med kr 70.000 til kr 160.000,-.

Kostnadene ved **Prosjekt 3210006 Velferdssenteret oppgradering** har synt seg å vera reine vedlikehaldskostnader, og er difor ført i drift. Løyvinga på 1 mill vert såleis føreslegen trekt attende for 2018.

Prosjekt 3225002 oppgradering omsorgsbustader, var dels tiltenkt oppgraderingar av Raunholmskogen, dels oppgradering av omsorgsbustadene knytt til Velferdssenteret. Fleire praktiske utfordringar gjer at arbeida her først vert utført i 2019. Det vert likevel gjennomført tiltak for om lag 500.000 i 2018, og løyvinga kan såleis reduserast med 3,5 mill til kr 500.000.

Prosjekt 6102001 Prestegarden/hagen/Tingstova: Rambøll har utarbeidd skisser og anbudsgrunnlag for oppgradering av Prestegardshagen, og arbeidet vert lyst ut på Doffin i nær framtid. Prosjektet vil i hovudsak bli gjennomført i 2019, og løyvinga for 2018 kan såleis reduserast med kr 1.640.000.

Prosjekt K61031 Prosjekt K61031 Helsehuset ombygging Helsehuset er knytt til oppgradering av fasaden, jf KST sak 023/18, der det på disposisjonsfondet vart sett av kr 460.000 til vindauge og SD anlegg. Oppgraderingsarbeidet har fått langt større omfang enn føresett. Dette skuldast at tilstanden til veggen var svært mykje dårlegare enn føresett. Det vart også avdekka asbesthaldige plater som måtte renoverast. Rådmannen ber om ei samla løyving på kr 1.500.000 til arbeidet. Av denne summen vert kr 460.000 dekket av dei tidlegare avsette midlane.

I KST sak 023/18 vart det også sett av kr 500.000 til kjøp av utstyr til teknisk drift. Midlane vart lagt inn i investeringsrekneskapan på **prosjekt K61052 Utstyr teknisk drift**. Det er no kjøpt inn ymse utstyr, som kvar for seg ikkje kvalifiserer til å førast i investeringsrekneskapan. Det er etter gjeldande regelverk heller ikkje høve til å samla ulike slike postar, for så å føra dei som ei «samla» investering. Kostnadene vert difor ført i driftsrekneskapan, og løyvinga på kr 500.000 kan såleis trekkjast ut av investering.

Når det gjeld **Prosjekt 6109020 Solhall oppgradering**, har kommunestyret i sak 032/2018 gjort vedtak om kostnadsramma for trinn 1 av byggeprosjektet. Kontrakt er tildelt, og etter framdriftsplanen er det trong for ytterlegare løyving i 2018 på kr 10.406.000, slik at samla løyving for 2018 blir kr 25.406.000.

For **vatn og avløp** er det vedteke rammebudsjett for kvar av områda. Det vert vist til gjennomgang i tertialmelding for perioden januar – august 2018. Høgdebasseng Hauksen har enno ikkje lete seg realisera, medan renseanlegg Manger har kome fleire steg nærare realisering. For vassprosjekta går rådmannen inn for å redusera løyvinga for 2018 med kr 2.275.000 til kr 5.225.000, og for avløpsprosjekta med kr 15.000.000 til kr 3.000.000.

Brutto regulering i skjema 2B blir etter dette kr 26.330.000

Mva-kompensasjon i investering vert redusert med kr 3.228.000.

Bruk av fond vert auka med kr 598.000

Bruk av lån vert redusert med kr 23.700.000.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Driftsbudsjettet for 2018 vert justert i samsvar med følgande forenkla skjema 1a og 1b:

Ramme for drifta (skjema 1a)	Budsjett 2018	Regulering	Regulert budsjett
Skatt på inntekt og formue	(120 601 000)	617 000	(119 984 000)
Rammetilskot	(170 058 000)	(2 448 000)	(172 506 000)
Eigedomsskatt	(15 197 000)		(15 197 000)
Generelle statstilskot	(16 375 500)	(14 944 000)	(31 319 500)
Renteinntekter og utbytte	(4 987 000)		(4 987 000)
Renteutgifter	5 765 000	288 000	6 053 000
Avdragsutgifter	9 015 000		9 015 000
Sum frie inntekter	(312 438 500)	(16 487 000)	(328 925 500)

Drift (skjema 1b)			
Stab og fellestenester	20 137 793	1 158 000	21 295 793
Oppvekst	121 679 275	1 899 000	123 578 275
Helse og omsorg	133 097 599	917 000	134 014 599
Drift og forvaltning	35 561 122	1 236 000	36 797 122
Sum drift	310 475 789	5 210 000	315 685 789

Netto	(1 962 711)	(11 277 000)	(13 239 711)
--------------	--------------------	---------------------	---------------------

Investeringsbudsjettet for 2018 vert justering i samsvar med følgande forenkla skjema 2a og 2b:

Investering skjema 2A og 2B	
Skjema 2A	
Bruk av fond overført drift	500 000
Finansiering av fond	-638 000
Bruk av fond helsehuset	-460 000
Mva-komp inntekt	3 228 000
Bruk av lån	23 700 000
Sum skjema 2A	26 330 000

Skjema 2B	
Digitalisering byggesaksarkiv	-1 100 000
Oppgradering fasade Helsehuset + SD anlegg	
Sæbø skule uteområde	800 000
Solhall utvida del 2018	10 406 000
Utstyr teknisk drift overført til drift	-500 000
Vassprosjekt iht plan	-2 275 000
Avløpsprosjekt iht plan	-15 000 000
Paviljong Manger skule	-1 500 000

Radøyhallen ytterlegare	100 000
Prestegardshagen/tingstova	-1 640 000
Oppgradering Radøy ungdomsskule	-700 000
Austebygd småbarnsavd	-2 794 000
Bø barnehage nybygg	-9 600 000
Sæbø barnehage vognskur	-70 000
Velferdssenteret oppgradering	-1 000 000
Oppgradering omsorgsbustader	-3 500 000
IKT Nh	-300 000
Kjøp bilar	843 000
Sum skjema 2B	-26 330 000

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
085/2018	Formannskapet i Radøy	PS	22.11.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	18/1479	18/16402

Budsjett 2019 - økonomiplan 2019 - 22

Saksopplysingar:

Rådmannen legg med dette fram budsjett 2019 og økonomiplan 2019-22 for godkjenning i form av særskilt dokument vedlagt saka. Alle naudsynte vedtak om skattesatsar m.v. går fram av dokumentet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Budsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-22 vert vedteken i samsvar med budsjettdokument slik det ligg føre.

Vedlegg:

Budsjett 2019 - formannskapet 8.nov.

Budsjett_2019_rådmannen_endeleg

Notat konsolidering av økonomiplanane

Harmonisering sjølvkostfond VA (L)(198697)

Nord- og Midthordland sogelag - søknad om økonomisk støtte

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
086/2018	Formannskapet i Radøy	PS	22.11.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/2580	18/16449

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- a. Byvekstavtale – avgrensing av nullvekstmålet - skriv frå Samferdselsdepartementet.
- b. Fellesnemnda for Alver kommune – møtebok 8. november
- c. Brosjyre til husstandane om eigenberedskap – DSB
- d. Regionrådet Nordhordland – protokoll 14. september
- e. Presentasjon Bergen og Hordaland turlag – regionrådet
- f. Presentasjon Haraldsplass – regionrådet
- g. Orientering rådmann og ordførar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Vedlegg:

Byvekstavtale - skriv Samferdselsdepartementet

Møtebok fellesnemnda 05.11.2018

Brosjyre til alle landets husstander om egenberedskap (L)(197970)

Protokoll Regionrådet 5-2018, 14. september

Presentasjon Bergen og Hordaland turlag - regionrådet

Presentasjon Haraldsplass - regionrådet